

ÅRSRAPPORT FOR NORDFJORD FOLKEMUSEUM 2010.

1. ADMINISTRASJON/ØKONOMI

1.1 Styret

Årsmøtet i Nordfjord Sogelag vart halde 12.august 2010 på Nordfjord Folkemuseum. Dette årsmøtet handsama museumssaker, resten av årsmøtesakene i Nordfjord Sogelag vart handsama på møte 15. august i Hornindal.

Nordfjord Folkemuseum vart frå januar 2009 ei avdeling i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Nordfjord Sogelag er framleis eigar av museet medan Musea i Sogn og Fjordane er ansvarleg for drift.

Fylgjande representantar er valde fram til 2011 til eigarstyret for museet:

Nordfjordrådet: Liv Henjum, Vågsøy, vara Anne Margrethe Tønning, Stryn

Gloppen kommune: Kari Jordanger (leiar), Gloppen, vara Sverre Folkestad, Gloppen

Nordfjord Sogelag: Sigbjørn Hjelle(nestleiar), Selje, vara Else Fure, Selje

Det har vore halde eit styremøte i 2010 for å behandle årsmelding og rekneskap. Kari Jordanger har delteke på vegne av eigarstyret på møte med Nordfjordrådet om ny organisering og vedtektsendring. Ho har også representert museet på nokre arrangement.

1.2 Personale

Aslaug Nesje Bjørlo, avdelingsdirektør, 100 % stilling

Ingrid Berger, konservator, 90 % stilling

Anne Bakke, museumspedagog til 15.02.2010, 100 % stilling

Thomas Fredrik Ruud museumspedagog frå 16.08.2010, 100 % stilling

Guri Hoddevik, førstesekretær i 80% stilling

Nils Åge Kvamme, driftsansvarleg/handverkar, 100 % stilling

Kent Arvid Flølo, handverkar/vaktmeister 50 % stilling

Steinar Evebø, handverkar/vaktmeister 50 % stilling

Maria Gunnbjørg Berglund guide 21.06.2010 til 15.08.2010

Charlotte Eikeset Mundal guide og utarbeidar 07.06.2010 til 13.08.2010

Eva Holme, reinhaldar, 20 % stilling

Ulf Palm, fotograf i prosjekt

Harald Kvandal, felemakar deltid

Liv Byrkjeland, fellesstilling for musea i fylket til 01.07.2010 og

Maria Petterson frå 01.09.2010

Nokre personar var engasjert på deltid, i sommarsesongen, ved arrangement, ved større grupper, opplegg i Den kulturelle skulesekken, til produksjon av felemakarfilm og til vasskraftprosjektet.

1.3 Økonomi/rekneskap

Avtale om tilskot frå nordfjordkommunane vart revidert i 2009 og gjort gjeldande på same nivå som tidlegare for åra 2010-2013. Rekneskapen for drift er frå 2010 eit avdelingsrekneskap i total rekneskap for Musea i Sogn og Fjordane. Nordfjord Folkemuseum hadde i 2010 driftsinntekter på kr. 4 818 266.- og driftskostnader på kr. 4 252 941.-

Nordfjord Sogelag eig museet.

1.4 Utval, møte og kurs

1.4.1 Møte i kommunane

Personalet har delteke på ulike møte i kommunane m.a. i samband med mottak av gaver, råd og rettleiing. Avdelingsdirektør er med i kulturleiargruppa i Nordfjord.

1.4.2 Representasjon i stiftingar og utval

Museet er medlem og representert i styret i Stiftinga Karnilstunet på Hauge, representert i Liatunet i Stryn, medstiftar av Jostedalsbreen Nasjonalparksenter, medlem i Norsk Forening for Fartøyvern (avdelingsdirektør er styremedlem frå 2011) og Stiftinga for vern og gjenbruk av Gamle Innvik Ullvarefabrikk.

1.4.3 Møte og kurs

Personalet har delteke på ulike kurs og møte knytte til museumsfagleg arbeid.

2. MUSEUMSFAGLEG ARBEID

2.1 Besøk på museet i 2010

Statistikkføringa er endra frå 2010. 10860 barn og vaksne besøkte museet. Tala for besøk kjem fram ved registrering, billettsal og overslag. Museet starta med inngangsbillett for vaksne hausten 2010 grunna m.a. nye momsreglar.

2.2 Skriftleg formidling

Museet gir ut Årbok for Nordfjord saman med Nordfjord Sogelag og Sogn og Fjordane Ungdomslag, og Jul i Nordfjord saman med Nordfjord Sogelag. Opplaga er 1500 for årboka og 3000 for juleheftet. Begge vert distribuert frå museet. Alt arbeidet vert elles gjort på dugnad. Artiklar om gjenstandar er publisert på Kulturnett, i "Ljøren", i Historielag for Stryn, Årbok for Nordfjord 2010 og i Kyrkjeblad for Gloppen.

2.3 Eldfast bygg

Fellesadministrasjonen for Musea i Sogn og Fjordane er lokalisert på Nordfjord Folkemuseum og noko ombyggingsarbeid vart gjort i 2009 og det vart fullført i 2010.

2.3.1 Utstillingssal og biletgalleri/møterom

Den kulturhistoriske utstillinga er ikkje endra og sal og møterom har blitt brukt som tidlegare.

Utstillingar i 2010:

“TING” fotoutstilling var sett på opp museet frå februar til august, og utlånt til Selje frå november. I samband med Sandanedagane var det utstilling med Kristian Finborud. I oktober markerte museet Den Norske epledagen med ei lita utstilling og ope arrangement. “Me har skote bjørnen” vart opna på Kulturnatta i november og då var også den nyproduserte “Radio” utstillinga sett opp.

2.4 Bibliotek, gjenstandssamling og arkiv

Museet abonnerer på eit utval tidsskrift og aviser, og har bytesamband med mange institusjonar.

Arbeidet med å rydde, systematisere og registrere samlinga held fram. Målet er betre sikring, bevaring, oversikt og formidling. Opplysningane vert gjort tilgjengelege på internett.

I 2010 kom det inn 5 gjenstandar som gåve til museet. Museet har no 23148 gjenstandar. 2308 gjenstandar er fotografert og lagt ut på nettet. Nokre gjenstandar vart avhenda etter rydding og gjennomgang av samlinga.

Museet har avtale med Gloppen kommune om oppbevaring av privatarkiv for kommunen.

2.5 Friluftsmuseet og uteområdet

2.5.1 Vasskraftprosjektet

Vasskraftprosjektet - bygningsmiljø knytt til vasskraft. I 2010 var Ålfotsaga nær ferdig. Berre mindre arbeid står att. Prosjektet vert i sin heilskap finansiert utanom museet sitt driftsbudsjett. Miljøet vert brukt i formidlinga.

2.5.2 Uteområdet og husa på museet

Det vart rydda skog og utført nødvendig vedlikehaldsarbeid på nokre av dei antikvariske husa. Museet har totalt 55 antikvariske hus og sju andre bygg. Dette utgjer ein total bygningsmasse på omlag 4000 kvm.

2.6 Felemakarverkstaden

Nærare 400 feler har vore inno m felemakarverkstaden for reparasjon sidan verkstaden vart etablert. Hausten 2008 starta arbeidet med å lage dokumentasjonsfilm om felemakaren og om å bygge hardingfele. Arbeidet gjekk vidare i 2009 og filmen vert ferdig i 2011.

2.7 Den kulturelle skulesekken

Museet satsar vidare på tidlegare program for skulane og det vart laga nye tilbod. Det var vakanse i stillinga som formidlingsleiar eit halvt år og det var difor færre tilbod i 2010 til skulane.

3 . ARRANGEMENT, UTLEIGEVEKSEMMD OG ANDRE AKTIVITETAR

3.1 Ulike større arrangement gjennom året og besøk av grupper, institusjonar og organisasjonar.

Det var arrangert fleire konsertar gjennom året. Gloppen Musikkfest, Glopperock, Bluegrass i Frislidlada, Rygg Songlag og oppsetinga "Fame" i Jølet.

12. november var museet med på "Kulturnatt i Nordfjord". Bjørnesutstillinga var opna og med foredrag og utstillinga "Radio" vart sett opp i biblioteket på museet.

Mange institusjonar, skular, verksemder, organisasjonar og lag har halde møte, kurs o.a. på museet og fått orientering om ulike sider av museumsdrifta, og mange har fått omvising og undervisning, m.a. : Avisene i Nordfjord, Sparebanken Sogn og Fjordane, 17. mai på Sandane, Motorføernes Avholdsforbund, Gloppen Sogelag, Nordfjord Sogelag, Roseklubben, Gloppen Kunstlag, Årbok for Nordfjord, Jul i Nordfjord, Barnas Turlag, Gloppen Hardingfelelag, skular og barnehagar i Nordfjord, elevar ved vidaregåande skular, bebuarar på eldretun, o. fl.

Lokala har vore utleigd til enkelte mindre tilstellingar, jubileum, større serveringar og til møte.

I 2010 kan elles nemnast Gloppen Litteraturfest, Matamål, Den norske epledagen,

4. OPPSUMMERING. RESULTAT I HØVE TIL OPPSETTE MÅL OG FØRESETNADER

ÅRSMELDING FOR NORDFJORD FOLKEMUSEUM 2010. (Dette er årsmeldinga for avdelinga trykt i Årsmeldinga for Musea i Sogn og Fjordane).

Kort innleiing:

I 2010 flytta fylkesarkivet fotoarkivaren frå Nordfjord Folkemuseum til Fylkesarkivet på Hermannsverk. Kontoret/fotorommet vart bygd om til nye lokale for fellesadministrasjonen ved Musea i Sogn og Fjordane. Fotomagasina er framleis ved Nordfjord Folkemuseum. Museet tok i bruk anna kontor til ein tilsett i fylkeskommunen og fylket held fram leigeavtalen.

Det har vore brukt arbeidstid til ombygging av lokale og flytting internt. Ein del ekstra tid har gått med til møter i samband med oppbygging av ny organisasjon, nye rutinar og nye planar.

Museet har hatt vakanse i stilling som formidlingsleiar eit halvt år. Sekretær har vore delvis frikjøpt. Sjukefråveret har vore noko høgre enn tidlegare år.

Det pågår store byggearbeid rett framom museet slik at tilgangen til museet til tider har vore vanskeleg.

FORVALTNING

Kort omtale av status og planar for museumsfagleg verksemd

I august 2008 vedtok styret for museet ny Strategiplan for museet 2008 – 2011. I 2010 deltok NFM i arbeidet med Strategiplan for Musea i Sogn og Fjordane.

Tematisk ansvar i fylket

Nordfjord Folkemuseum har tematisk ansvar for vasskraft i fylket. Sirkelsag frå Ålfoten vart bortimot ferdig i 2010.

Innsamling.

Museet arbeider etter innsamlingsplan som skal reviderast. Det er nøye vurdering før inntak.

Samlingsforvaltning.

Museet har også i 2010 rydda i samlingane og har stort etterslep. Museet manglar sikringsplan og tilsette deltok på sikringskurs i 2010 i regi av ABM. Det vart sendt søknad om midlar til å lage plan i 2011. Museet har plan for innsamling, bevaring og katalogisering. Arbeid med realisering av fellesmagasin for Musea i Sogn og Fjordane held fram. Ein del av museet sine samlingar er tenkt plassert der. Heile biblioteket vart rydda og ein del bøker og tidsskrift vart kassert sommaren 2010.

Status for bygningsmessig vedlikehald

Dette året vart det føreteke sikring av tak og mindre vedlikehaldsarbeid på dei antikvariske husa. Det vart teke ned skog som sto for nær husa.

Eit lagra Prestegardshus frå Hornindal vart flytta til museumsområdet ved Holvikejekta. Kommunen stilte Stallane i området vederlagsfritt til disposisjon som lager. Huset ligg no godt lagra.

Museet har stort etterslep på området og Musea i Sogn og Fjordane bør ta ei kartlegging av behov ved avdelingane og lage ein strategiplan for betring.

FORSKING

Det har ikkje vore forskingsprosjekt ved museet i 2010. Arbeid med dokumentasjonsfilm om bygging av hardingfele held fram. Filminga vart avslutta i 2010 og filmen vert ferdig i 2011.

FORMIDLING

Musea skal nå publikum med kunnskap og opplevingar

Museet har opningstider som vert kunngjort via aviser, brosjyrer og på heimeside. Museet hadde ekstraope på mange arrangement og for grupper med særskilde ønske. Museet hadde gratis tilgjenge for alle utanom grupper på guida opplegg fram til hausten 2010. Då tok ein til att med billetter for vaksne.

Museet sende jamt ut tilbod til skulane i regionen. Grunna vakanse i formidlarstillinga var aktiviteten noko mindre enn tidlegare år.

Digitalt innhald og digital formidling.

Museet har lagt ut to digitale fortellingar. Dåpsutstillinga og utstillinga om kystgeita har digitale element; reportasje og billedfortelling.

Tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne.

Administrasjonsbygget er tilpassa for funksjonshemma. I friluftsmuseet er det stort sett greitt å ferdist. Vi legg til rette omvisingar for å passe til dei fleste og tek omsyn til nedsett funksjonsevne ved behov.

FORNYING

Strategiar for aktiv samfunnsrolle

I 2010 hadde museet utstillinga "Me har skote bjørnen". Ei fellesutstillinga laga av MISF. Utstillinga fekk mykje mediemerksemd. Nordfjord Folkemuseum tok initiativ til utstillinga Radio. Denne vart ferdig i 2010 og var eit samarbeid mellom DKS, NRK og MISF. Museet prøver seg på nye arenaer. I 2010 med utstillinga TING i Doktorgarden i Selje kommune og museet var med på "Kulturnatt i

Nordfjord". Avdelingsdirektør deltek på faste møter i kulturleiargruppa i regionen; der kulturansvarlege i dei sju kommunane og museet møtest tre til fem gonger i året. Avdelingsdirektør er med i styret i Norsk Forening for Fartøyvern.

Deltaking i nasjonale nettverk.

Museet er med i Kulturlandskapsnettverket. Museet har eplehage med gamle fruktsortar og er med i Klonarkiv for frukt ved Norsk Genressurscenter og har nært samarbeid med NVE si Museumsordning.

Styrka samfunnsrolle

Nordfjord Folkemuseum har delteke aktivt i ny Strategiplan for Musea i Sogn og Fjordane. Denne femner alle delar av museumsverksemda.

Status og strategiar for utvikling av organisasjonen

Museet har delteke på felles kurs og opplæring og vore med å gjennomføre nye rutinar.

VILKÅR FOR STATSTILSKOT

Kulturelt mangfald

Museet deltok i "Kulturnatt i Nordfjord". Natta skal avspegle kulturelt mangfald i regionen og er planlagt gjennomført på nytt i 2011. Mangfald er også eit stikkord i Strategiplan for museet.

Eigeninnteker

Nordfjord Folkemuseum arbeidde dette året på Vasskraftprosjektet, med Maritimt område på Øyrane og med Felemakarfilm med midlar skaffa frå ulike kjelder. Museet har leigeinntekter frå fylkeskommunen og nokre arrangørar.

Immateriell kulturarv

Arbeidet med å dokumentere på film korleis ein bygger ei hardingfele held fram. Gjennom året legg museet som ein del av si formidling og innsamling vekt på immateriell kulturarv ved å samle inn kunnskap til artiklar og notatar og legge gamle arbeidsmåtar inn som ein del av formidlinga.

Det vart bygd og dokumentert ein ny Nordfjordbåt i Frislidlada på museet i 2010.

Sandane august 2011.